

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 28/2023
AGNKVOTAR
OG
UNGDOMSFISKEORDNINGA
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Agnkvotar

I eit etisk og miljømessig perspektiv bør ikkje fisk som kan brukast til konsum brukast til agn. Slik sett er det best om undermåls fisk, fisk med pumpeskader o.l. heller blir brukt til agn.

Slik fisk er vanlegvis rimelegare enn konsumfisk. Dersom ordninga med agnkvotar blir oppheva, og brukarane må kjøpa agn, vil dei truleg kjøpa agnet der det er rimelegast.

Pelagisk Forening ber difor om at regelverket for agnkvotar blir revurdert. Dette med tanke på om det i det heile skal gjevast agnkvotar.

Dersom gjeldande ordning blir vidareført bør ordninga med val av kva fiskefartøy som får fiska agnkvotane reviderast.

Ungdomsfiskeordninga

Ungdomsfiskeordninga gjev ungdommar lov til å fiska for 50.000 kroner brutto per år. Maksbeløpet har vore den same i minst 6-7 år.

I år kan ungdom tena 70 000 kroner før dei må betala skatt.

Opprinneleg blei maksbeløp satt likt med grensa for fritak frå meiravgiftsplikt er 50 000.

Dei ungdommane som lykkast i å tena over mva-grensa på 50.000 kroner på 12 månadar kan ungdommane vera meirverdiavgiftspliktige som alle andre.

Pelagisk Forening ber om at maksbeløpet blir indeksregulert, eller harmonert med kor mykje ungdom kan tena utan å betala skatt. («Frikortgrensa»)

Dette er viktig pga. rekruttering.

Bergen: 31.10.23

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar